



# ØyNytt

Nummer 5  
Oktober 2019  
46. årgang

Kyrkjeblad for Øygarden



**Øygardssong samla  
mange menneske!**

14

20.–22. september stod kristen song og musikk i fokus.



16 **Kulturkyrkja i Hjelmevågen  
i ny drakt**

- 4 Valresultata frå kyrkjevalet 2019
- 5 Kva for farge har trua di?
- 6 Presentasjon av medarbeidarane  
i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd
- 12 Astrid Fylling er ny leiar for  
diaknonitenesta

# Redaktøren har ordet

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje/redaktør



## Faste gravferdsdagar i nye Øygarden kommune

Kyrkjeverja i nye Øygarden kommune kunngjer ordning med faste gravferdsdagar med verknad frå 01.10.2019.

### Gravferdsdagar i Sund kyrkje og Kausland kyrkje

Tysdag kl. 10.30 og kl. 13.00. Torsdag kl. 13.00.

### Gravferdsdagar i Fjell kyrkje og Foldnes kyrkje

Tysdag og fredag kl. 10.30 og kl. 13.00. Torsdag kl. 13.00.

### Gravferdsdagar i Landro kyrkje

Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.30 og kl. 13.00.

Torsdag kl. 13.00.

### Gravferdsdagar i Blomvåg kyrkje og Hjelme kyrkje

Onsdag kl. 10.30 og kl. 13.00. Fredag kl. 10.30.

### Tal på gravferder pr. dag

Gravferdsforvaltninga (seksjon kyrkjer og gravplassar) regulerer talet på gravferder for kvar dag. Klokkesletta som er angitt viser til kva tid gravferda kan verte lagt. Det er gravferdsforvaltninga som fastset dag og tid for gravferder.

Oktober 2019

Olav Martin Vik

Kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA

## Janesh Amanya 60 år



Janesh fylte 60 år 29.09. Me gratulerer så mykje med dagen. Janesh vart tilsett som barne- og ungdomsarbeidar i Den norske kyrkja i Øygarden i 1997, i 50 % stilling. I 2007 tok han i stillinga som kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar, med teneste i Hjelme kyrkje. No skal Janesh inn i teneste ved Landro kyrkje. Har har og vore utsendt frå Norsk Luthersk Misjonssamband, til Kenya, i fleire periodar. Me ønskjer Janesh alt godt for dagane som kjem.

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

Kyrkjevalet er over, kommunevalet er over og dei valte medlemene skal styre for kvar sine område. Kommunen og kyrkja har kvar sine rollar, like fullt er dei vevd i kvarandre. Kyrkja er ein stor samfunnsaktør slik kommunen er. Så er det slik at kommunen er folket, der ein også finn alle kyrkja sine medlemer. Den nye kommunen vert ein stor kommune. God framtidssretta planlegging og utvikling av denne kommunen må skje i eit nært og godt samspel mellom store og små samfunnsaktørar, og folket.

Me gratulerer alle folkevalde, i kyrkjelege råd og i kommunale råd og styre og ønskjer alt godt for arbeidet.

Me presenterer i dette bladet alle kyrkjeleg tilsette i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd. Det er ein stor kyrkjestab. Eg er privilegert som får vere leiar for denne flotte staben. Det er mange. Likevel er det slik at behovet for arbeidarar ikkje er dekkja. Me kunne fylt alle sidene i bladet med tilbod og aktivitetar, om me skulle tatt inn alt som skjer ute i sokna og det er med høgg og belegg at me har mannskap til alt. I tillegg kjem alle dei flinke frivillige medarbeidarane. Dei er det også mange av, men me treng fleire.

Me har for lite diakonale ressursar. Det er eit stort behov for kyrkja sine diakonale tenester. Diakoni skal gjennomsyre alt vårt arbeid, men i mange tilfelle er det behov for menneske med kompetanse. Også innanfor dette området er det eit stort behov for frivillige. Det er viktig å vere klar over at diakonalt arbeidet er retta mot menneske i alle aldrar. På side 14 i bladet møter du vår nye leiar for diakoniseksjonen.

Fortsatt god haust.

Gud seier: «Det var eg som forma jorda og skapte menneske der»

Jesaja 45,12

# Mali og søker først Guds rike

Espen Sigve Tveten

Sokneprest i Øygarden



Etter nokre års studiar på misjon- og presteskulen i Stavanger, vart eg sendt på misjonspraksis til Mali. Endeleg, tenkte eg, no skulle eg få den endelege stadfestinga på at valet i å bli misjonær var rett.

For eit sjokk det vart. Det var varmt, det var støv, det var fullt av søppel i gatene, folk såg ikkje særleg venlege ut, hirsegrauten var grøn og seig, og eg forstod lite av kulturen. Det vart kaos. Tenk alt eg måtte forstå for å kome i kontakt med dette fulanerfolket, og kunne eg klare å bu i ein så forskjellig kultur? Nei, det hadde gjerne vore enklare med gardslivet i Bamble likevel.

Men ein kveld i Mali kom openberringa. Ein befriande tanke frå Gud vart sann i hjarta mitt. Eg skulle sleppe å prøve å forstå alt ved denne ukjende kulturen, eg skulle sleppe å tru at eg skulle forstå denne lokale islamvarianten til fingerspissane. Det var venleiken med Jesus eg skulle søke, det var han eg skulle nærme meg. Så skulle det andre koma på plass av seg sjølv.

Eg skjørte snart at eg var minna på Jesu ord i Matteus 6,33: «Søk først Guds rike og rettferda hans, så skal de få alt det andre i tillegg.»

Eg fekk fred for at Gud kallar ikkje den dugelege, men han dyktiggjer dei som vil følgje han. I tillegg begynte eg å sjå at menneska var flotte, varmen var overkommeleg og grauten var etande. Det vart ikkje Mali, det vart sju år i Thailand, og eg er veldig takknemleg for denne tenesta.

Ingen av oss kan få kontroll, oversikt og den endelege roa i alt som skjer eller kan skje. Men det me kan gjee er å ta imot Jesu opne invitasjon til stadig koma tilbake til han. Han vil at me skal sjå han som startpunktet for livet vårt, tilfluktspunktet når me treng det, ja han er til og med endepunktet.

Å ønske å følge Jesus, kan iblant kjennast ut som om me vert kasta frå det trygge og komfortable til det fullstendig usikre. Men i verkelegheita vert me tekne inn i det fullkomne sikre. Me kan ha vår livsforankring og tryggleik hjå han som er den einaste som held gjennom alle forhold. Jesus Kristus, frelsaren vår.



## ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

**Telefon:** 55 09 74 40

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Postadresse:** ØyNytt, postboks 144, 5331 Rong

**Utgjevar:** Øygarden sokneråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Redaksjonen:** Hogne Berland, Espen Sigve Tveten, Olav Martin Vik og Kari Sandøy Rong

**Grafisk produksjon:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** Bodoni AS

**Distribusjon:** Hammer Transport (i Øygarden) og Posten (utanfor Øygarden)

**Kontingent:** Kr 125 i Øygarden / Kr 175 utanfor Øygarden

**Takkeannonser:** Kr 100

**Annonsar:** Kontakt redaksjonen

**Bankkontonummer:**  
3628.07.02557 for kontingenter og gåver

**Oplag:** 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.

### Kjem ut i 2019:

6. desember.  
Redaksjonen vert avslutta ei veke før.

## DEN NORSKE KYRKJA

**Telefon:** 55 09 74 40

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Øygarden kyrklege fellesråd**

**Besøksadresse:** Fjell kyrkjekontor, Temahuset, Tytebærrekko 2

**Postadresse:** Postboks 144, 5331 Rong

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

**Facebook:** kyrkjaoygarden

**Instagram:** kyrkjaoygarden

**Soknepresten i Øygarden:**

Espen Sigve Tveten

**E-post:** et838@kyrkja.no

**Telefon:** 56 38 22 40

**Leiar i soknerådet og kyrklege fellesråd:**  
Erling Vik

**Telefon:** 482 10 462

**Org. nr. Øygarden kyrklege fellesråd:** 976 995 430

**Bankkonto for gåver:**  
3628.55.90870

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps**

# Valresultata frå kyrkjevalet 2019

Her kan du sjå kven som er valt til Hjelme og Blomvåg sokneråd. Frammøteporsent i Hjelme og Blomvåg sokn: 16 %

Det nye soknerådet konstituerer seg ut på hausten der dei mellom anna vel leiar og nestleiar i rådet.

## Faste medlemer innvalt i rekkefølge:



1. Gisle Kårbø Rong



4. Gustav-Magne Landro



2. Øyvind Solsvik



5. Therese Dale Gerhardsen



3. Erling Vik



6. Aina Elisabeth Hellesund

## Varamedlemer:



1. Elise Irene Karlsetn



4. Tormod Magnesen



2. Øystein Vik



5. Monica Breivik



3. Astrid Johanna Nautnes Rustad

## Hjelme og Blomvåg sokn (Øygarden)

Det er 3145 med stemmerett til kyrkjevalet. 507 nytta seg av retten. 70 førehandsstemte.

Kyrkjevalet er samtidig med kommune- og fylkestingsvalet med like stummekrinsar.

Kyrkjevalet er lagt opp omrent heilt likt som kommune- og fylkestingsvalet, både når det gjeld forebuing og gjennomføring. Det betyr at ei rekke menneske må vere stemmestyre og valmedarbeidarar ute i stemmelokala. Takk til alle som stilte opp til denne delen av jobben.

## Fjell, Sund og Øygarden

Totalt i Fjell, Sund og Øygarden var det 2 337 personar som nytta seg av stemmeretten ved kyrkjevalet. Det er 23 619 med stemmerett. Det er til saman 17 stummekrinsar.

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

## Dette seier kyrkjelova § 9 om primæroppgåva til soknerådet:

Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vække og nære det kristelige liv i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikelig forkjent, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.

# Kva for farge har trua di?

Den kristne trua kan uttrykkast på ulike måtar. Trass i dette vil det vere eit «trusspråk» som fell mest naturleg for den einskilde.

Nokon frydar seg over at preika endeleg har starta, andre synest det er dumt at salmesongen tonar ut. Nokon synest det er flott når bibelen høgtideleg blir bore fram før tekstlesinga, andre synest eigen bibellesing og frie bønner er det beste. Nokon opplever Gud nærest på ei gudsteneste, andre må ut i naturen for å soka Gud.

## Ulike trusspråk

Den tverrkirkelege foreininga «Naturleg forsamlingsutvikling» har utvikla eit konsept som opnar for tre måtar å møta Gud på, tre trusspråk. Eit trusspråk er som ei antenne for å merke Guds nærvær. Når eg her presenterer dei ulike trusspråka, kan du reflektere over kva for språk som er ditt. Kvart trusspråk har sin farge.

## Grønt

Grønt trusspråk knyter seg til naturen og Guds openberring i skapinga. Det som kan erfarast gjennom sansane blir høgt verdsett. Ein set pris på det fine i naturen og det skapte, ein nyt Guds skaparverk. I det grøne trusspråket søker ein og å forstå Guds natur ut frå logikk og vitskap. Eit sentralt bibelord: Salme 19, 2 «Himmelen kungjer Guds ære, kvelven fortel om det hendene hans har gjort».

## Raudt

Raudt trusspråk knyter seg til frelsesopenberringa. Raudt trusspråk er optatt av å ta imot og gje vidare evangeliet. Bibelen har ein heilt sentral plass og i han møter me Gud. I Bibelen har

me eit solid fundament. I dette trusspråket har ein fokus på personleg bruk av Guds ord og å få delt Guds ord med andre. Eit sentralt bibelord: Kol 3, 16 «Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så dei med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta».



## Blått

Den personlege openberringa er viktig her. Her er det mange ulike uttrykk, både innovervendte og utovervendte. Alle har det til felles at det personlege møtet med Den heilage Ande er viktig. Den overnaturlege dimensjonen er integrert i truslivet. Både det entusiastiske og det mystisk innovervendte har sin plass her. Subjektive opplevingar av å kjenna Gud er viktigare enn å söke kunnskap om Gud. Sentralt bibelord: 1. Kor 4,20 «For Guds rike er ikkje ord, men kraft.»

Espen Sigve Tveten

Sokneprest i Øygarden



Ingen av trusspråka er meir sanne enn dei andre, dei speglar berre at me er ulike og har ulike erfaringar med det heilage. Denne måten å tenkje på kan hjelpe oss å vere bevisst på at Gud openberrar seg på ulike måtar og me kan bli bevisst vårt eige hjarte- og trusspråk. Slik kan me samtidig lettare respektere andre si trusform.

Når du har identifisert det språket som er mest ditt, kan du med i utgangspunkt i det, søkje og erfare og praktisera trusspråka som ligg lengst frå ditt eige. Då kan du oppleve vekst og auka balanse i truslivet. I ei forsamling er alle typar språk representert. Leiinga må vera klar over dette, slik at ulike typar menneske blir ivaretatt.

Guds openberring har alltid som mål å etablere fellesskap med seg sjølv. Vi møter den eine, sanne Gud i alle dei tre openberringane, men kvar gong på ulik måte. Hans trefoldige kommunikasjon med oss har som mål å få eit trefoldig gjensvar. Vi vil få ein ufullstendig erfaring av Gud om berre eitt av trusspråka er i funksjon.

## Tips for å utforska trusspråka vidare

- Be om at Gud må openberra meir av kven han er
- Tenk over dei situasjonane du opplever Gud aller nærest
- Tenk over korleis nye trusspråk kan gje meir balanse i ditt trosliv

Kjelder: «Truas tre fargar» og «The 3 colors of your spirituality» (NaMu Noreg)

# Presentasjon av medarbeidarane i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd

*Visjon:* Nær Gud,  
nær menneske

*Verdiar:* Takk nemleg, tenande, frimodig

## Overordna leiing



**Olav Martin Vik**

Alder: 63 år

Stilling: Kyrkjeverje

Stillingsprosent: 100

Ansvarsområde:

Overordna ansvar og leiing for verksemda  
(ikkje for prestane).



**Borghild Hustad Berge**

Alder: 48 år

Stilling: Assisterande  
kyrkjeverje/  
seksjonsleiar

administrasjon og økonomi

Stillingsprosent: 100

Ansvarsområde: Administrasjon og  
økonomi

Team: Leiar for Foldnes sokneteam



**Annlaug Børve**

Alder: 49 år

Stilling: Personalleiar

Stillingsprosent: 100

Ansvarsområde:

Overordna personalansvar og  
organisasjonsutvikling.

Team: Leiar for Landro sokneteam

## Informasjonsavdeling



**Yngvild Mørner Sørheim**

Alder: 29 år

Stilling:

Informasjonskonsulent

Stillingsprosent: 80

Arbeidsoppgåver: Kyrkjeblad, nettside,  
kunngjeringar og grafisk utforming av  
informasjonsmateriell.

Team: Stillinga er ikkje knytt til team

## Seksjonar

Dei tilsette vert organiser i fem seksjonar som arbeider på tvers av soknegrensene, og som skal ha omsorg for heilskapen i det kyrkjelege arbeidet i fellesrådsområdet.

Kvar seksjon har ein seksjonsleiar. Seksjonsleiarane har ansvar for å innarbeide fellesrådet sin visjon og verdiar mellom dei tilsette i seksjonen, dei har det overordna faglege ansvaret for seksjonen, og dei har personalansvar for dei tilsette innan sin seksjon. Seksjonsleiarane og personalleiar har også ei rolle som teamleiarar for kvart sitt sokneteam. Kyrkjeverja, seksjonsleiarane, personalleiar og koordinerande sokneprest utgjer saman kyrkjeverja si leiargruppe.

## Sokneteam

Sokneteama er tverrfaglege team av tilsette som skal ha særskilt omsorg for arbeidet i kvart av dei fem sokna i fellesrådsområdet. Den enkelte tilsette får ei hovudtilknyting til eitt, og for enkelte tilsette to sokn. Det vert også etablert eit team knytt til kyrkjegardsarbeidet.

Kwart av sokneteama vert saman med sokneprestane leia av ein sokneteamleiar. Sokneteamleiarane sine oppgåver vil vere å koordinere dei fellesrådstilsette i teamet, og sjå til at sokneteamet prioriterer arbeidet sitt i tråd med planar og vedtak både for fellesråd og sokneråd. Dei skal også vurdere kva ressursar som er naudsynte for gjennomføring av ulike tiltak, og sørge for ein tett og god dialog med sokneråda.

# Seksjon for administrasjon og økonomi

## Primæroppgåve

Administrasjonen skal utføre det administrative arbeidet i fellesrådsområdet i tråd med vedtekne planar og gjeldande regelverk. Dei skal levere kvalitativt gode tenester til brukarane våre. Saman med prestane og seksjonsleiarane skal dei legge administrativt til rette for kyrklege handlingar som gudstenester, dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Så langt det er mogleg og tenleg skal administrasjonen dekke behov for administrative tenester i seksjonane, i prestetenesta og i sokna. Seksjonsleiar: Borghild Hustad Berge.



**Rebekka Louise Sandøy Johannessen**

Alder: 30 år

Stilling: Kontorsekretær

Stillingsprosent: 80

**Arbeidsoppgåver:** Resepsjonsteneste, posthandtering og arkivarbeid. Administrativt arbeid. Innkjøpsansvarleg på kyrkjekontoret.

**Team:** Stillinga er ikkje knytt til team



**Siren Nordbø**

Alder: 47 år

Stilling: Økonomi- og personalkonsulent

Stillingsprosent: 60

**Arbeidsoppgåver:** Økonomiarbeid for fellesrådet, personalarbeid og arkivarbeid.

**Team:** Stillinga er ikkje knytt til team



**Line Steinsland Mosnes**

Alder: 52 år

Stilling: Administrasjonskonsulent

Stillingsprosent: 50

**Arbeidsoppgåver:** Sakshandsaming og økonomiarbeid for Foldnes og Landro sokneråd.

**Team:** Landro og Foldnes



**Kari Ragne Sandøy Rong**

Alder: 53 år

Stilling: Administrasjonskonsulent

Stillingsprosent: 80

**Arbeidsoppgåver:** Ansvar for å koordinere resepsjonstenesta. Sakshandsaming og økonomiarbeid for Hjelme og Blomvåg sokneråd. Administrativt arbeid i samband med avtalar om dåp og dåpskurs.

**Team:** Hjelme og Blomvåg



**Tove Olene Foss Solvang**

Alder: 53 år

Stilling: Administrasjonskonsulent

Stillingsprosent: 100

**Arbeidsoppgåver:** Sakshandsaming og økonomiarbeid for Sund og Fjell sokneråd. Administrativt arbeid. Arbeid med bemanningsplanar.

**Team:** Fjell og Sund



**Seksjonsleiar:  
Norvald Snekkevik**

Alder: 61 år

Stillingsprosent: 100

**Team:** Teamleiar for kyrkjegardsteamet



**Rolf Oksnes**

Alder: 58 år

Stilling: Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Stillingsprosent: 100

**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja. Graving og vedlikehald av gravplassar.

**Team:** Sund og kyrkjegardsteamet



**Janesh Amena**

Alder: 60 år

Stilling: Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Stillingsprosent: 100

**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja. Graving og vedlikehald av gravplassar.

**Team:** Landro og kyrkjegardsteamet



**Kåre Kristoffersen**

Alder: 71 år

Stilling: Kyrkjegardsarbeidar

Stillingsprosent: 40

**Arbeidsoppgåver:** Graving og vedlikehald av gravplassar.

**Team:** Kyrkjegardsteamet

**Torstein Vassnes****Alder:** 36 år**Stilling:**

Kyrkjegardsarbeidar

**Stillingsprosent:** 100**Arbeidsoppgåver:** Graving og vedlikehald av gravplassar. Hovudansvar for vedlikehald av bilar, maskinar og utstyr.**Team:** Kyrkjegardsteamet**Vegard Lynglund****Alder:** 25 år**Stilling:** Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar**Stillingsprosent:** 100**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja. Vedlikehald av gravplassar.**Team:** Landro og kyrkjegardsteamet**Lorentz Skumsnes****Alder:** 63 år**Stilling:**

Kyrkjegardsarbeidar

**Stillingsprosent:** 60**Arbeidsoppgåver:** Graving og vedlikehald av gravplassar. Vedlikehaldsansvar for kyrkjebrygg.**Team:** Kyrkjegardsteamet**Kari Synnøve Bekkenes****Alder:** 55 år**Stilling:** Kyrkjetenar**Stillingsprosent:** 100**Arbeidsoppgåver:**

Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.

**Team:** Hjelme og Blomvåg**Ingjerd Hauge Johansen****Alder:** 62 år**Stilling:** Kyrkjetenar/sekretær**Stillingsprosent:** 100**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja. Ansvar for gravregistrering og festebrev.**Team:** Foldnes**Ingalis Apelthun Malmo****Alder:** 66 år**Stilling:** Kyrkjetenar**Stillingsprosent:** 60**Arbeidsoppgåver:**

Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.

**Team:** Fjell**Janne-Lin Fjeld Andersen****Alder:** 27 år**Stilling:** Helgekyrkjetenar i Fjell kyrkje**Stillingsprosent:** 5**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.**Team:** Fjell**Martin Børnes****Alder:** 19 år**Stilling:** Helgekyrkjetenar i Sund kyrkje**Stillingsprosent:** 5**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.**Team:** Sund**Ole-Jakob Golten Pettersen****Alder:** 18 år**Stilling:** Helgekyrkjetenar i Kausland kyrkje**Stillingsprosent:** 5**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.**Team:** Sund

## Seksjon for barn og unge:

### Primæroppgåve:

Gje alle døpte og tilhøyrande 0-18 år tilbod om grunnleggjande opplæring i kristen tru og tradisjon i samsvar med lokalt fastsette planar. Jobbe tverrfagleg og saman med frivillige for å styrke og utvikle det kyrkjelydsbyggjande arbeidet i lokalkyrkjelyden. Arbeide for at barn og ungdom i kyrkjelyden opplever seg elska av Gud, at dei vert grunnfesta i den kristne trua, inkludert i fellesskapet i kyrkja, disipeltjort til å følge Jesus gjennom kristne praksisar, og utsendt til eit liv i tru, håp og kjærleik, lokalt og globalt. Utvikle og styrke møtepunkta mellom kyrkja og skulane, og mellom kyrkja og barnehagane.

**Rannveig Vestbøstad Vik****Alder:** 44 år**Stilling:** Seksjonsleiar barn og unge/Kateket I (vikar til 01.09.2020)

Permisjon frå fast stilling som kateket II

**Stillingsprosent:** 80.**Team:** Leiar for Hjelme og Blomvåg sokneteam**Dag Reidmar Pettersen****Alder:** 43 år**Stilling:** Kyrkjelydspedagog  
**Stillingsprosent:** 100**Arbeidsoppgåver:** Gudstenester. Drive trusopplæring for barn og unge 0-18 år. Arbeide med ulike trusopplæringstiltak, konfirmantar, ungdomsklubb, skule-kyrkje samarbeid.**Team:** Sund**Hogne Berland****Alder:** 35 år**Stilling:** Kyrkjelydspedagog  
**Stillingsprosent:** 100**Arbeidsoppgåver:** Drive trusopplæring for barn og unge 0-18 år. Arbeide med trusopplæringstiltak, konfirmantar, leirartrening, klubbarbeid, leirar, skule-kyrkje samarbeid, barnehage-kyrkje-samarbeid, gudstenester.**Team:** Hjelme og Blomvåg**Seksjonsleiar barn og unge/Kateket I:  
Mildred Fjøren Heggernes****Alder:** 40 år**Stillingsprosent:** 100  
(permisjon til 01.09.2020)



### Kari Burke-Romarheim

Alder: 40 år

Stilling:

Trusopplæringsleiar Fjell,  
Landro og Foldnes sokn

Stillingsprosent: 80

Arbeidsoppgåver: Leie og utvikle T-dagen, trusopplæringsprogrammet i Fjell, Foldnes og Landro sokn. Leie T-teamet og T-dagane, konfirmantarbeid og arbeid på KM KLUZZ.

Team: Landro



### Elisabeth Møll Jung

Alder: 50 år

Stilling:

Kyrkjelydspedagog

Stillingsprosent: 70

Arbeidsoppgåver: T-dagane, konfirmantarbeid, skule-kirke samarbeid, barnehage-kirke-samarbeid.

Team: Foldnes



### Søgne Lillevik Nilsen

Alder: 47 år

Stilling:

Kyrkjelydspedagog

Stillingsprosent: 60

Arbeidsoppgåver: T-dagane, tweens, leiatrenings ungdom(MILK) , skule-kirke samarbeid, barnehage-kirke-samarbeid.

Team: Fjell



### Beate Sørhus

Alder: 34 år

Stilling:

Kyrkjelydspedagog

Stillingsprosent: 100

Arbeidsoppgåver: Konfirmantarbeid, konfirmantadminstrasjon, t-dagar, tensing, skule-kirke-samarbeid, leiatrenings.

Team: Foldnes



### Eivind Kausland Lie

Alder: 33 år

Stilling:

Kyrkjelydsarbeidar

Stillingsprosent: 50

Arbeidsoppgåver: Konfirmantarbeid, klubb, musikk og forkynning innan korarbeid, diakoni og trusopplæring

Team: Landro



### Maria Andersen Stokke

Alder: 24 år

Stilling:

Ungdomsarbeidar

Stillingsprosent: 100

Arbeidsoppgåver: Konfirmantarbeid, leiatrenings, gudstenester og tweens. Leie team Ungdom i Kirka i Øygarden.

Team: Sund og Fjell



### Lill Grete Stranda

#### Rossnes

Alder: 24 år

Stilling:

Kyrkjelydsarbeidar

Stillingsprosent: 20

Arbeidsoppgåver: Leiartrening for ungdom, bibelgrupper og leifarbeid.

Team: Hjelme og Blomvåg



### Mathilde Karin Dale

Alder: 26 år

Stilling:

Kyrkjelydsarbeidar/ helgekyrkjetenar

Stillingsprosent: 55

Arbeidsoppgåver: Konfirmantarbeid, leifar, barneklubar og bibelgrupper. Gjere tenester i kirka.

Team: Hjelme og Blomvåg



### Matilde Solsvik

Alder: 20 år

Stilling:

Ungdomsarbeidar

Stillingsprosent: 35

Arbeidsoppgåver: Konfirmantarbeid, leifar, klubb, korarbeid, bibelgrupper.

Team: Landro og Hjelme og Blomvåg



### Magnus Krogh

Alder: 21 år

Stilling:

Ungdomsarbeidar

Stillingsprosent: 30

Arbeidsoppgåver: Ansvar for ungdomsklubb (Ungdomslørdag), tensing, leiatrening, leifar og bibelgrupper.

Team: Foldnes



### Ragnhild Nilsen

Alder: 21 år

Stilling:

Ungdomsarbeidar

Stillingsprosent: 30

Arbeidsoppgåver: Konfirmantarbeid, ansvar for tweens, klubb, leiatrening, leifar og bibelgrupper.

Team: Fjell



### Anne Ludvigsen Kaldestad

Alder: 57 år

Stilling: Pedagogisk leiar/ rettleiar

Stillingsprosent: 100

Arbeidsoppgåver: Leie arbeidet med å utvikle skule-kirke-og barnehage-kirke-samarbeidet i kommunen.

Medarbeidarskap, leiatrening og medarbeidar-rettleiing.

Team: Arbeidet går på tvers av alle sokna, og stillinga er ikkje knytt mot eitt enkelt sokneteam.

# Seksjon for kyrkjemusikk:

## Primæroppgåve:

Ta vare på dei kyrkjemusikalske verdiane, og sikre breidde og kvalitet i det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjelydane. Utdjupa kyrkja sin bodskap gjennom profesjonell og involverande musikkformidling i gudstenester, kyrklege handlingar, trusopplæring og konsertar.



**Aasmund Brekke**

**Alder:** 53 år

**Stilling:** Organist

**Stillingsprosent:** 100

**Arbeidsoppgåver:**

Musikalisk ansvar i Foldnes sokn. Speling ved gudstenester, bryllaup, gravferder og andre arrangement i kyrkja. Barnekor og konsertar. Sekretær for kyrkjemusikkutvalet.

**Team:** Foldnes



**Eline Olsen**

**Alder:** 47 år

**Stilling:** Kantor

**Stillingsprosent:** 100

**Arbeidsoppgåver:**

Musikalisk ansvar i Landro sokn. Speling ved gudstenester, bryllaup, gravferder, andre arrangement i kyrkja og på institusjonsgudstenester. Arbeid med kor og konsertar.

**Team:** Landro



**Seksjonsleiar:**  
**Olav Sørheim**

**Alder:** 66 år

**Stillingsprosent:** 100

**Team:** Leiar for Fjell sokneteam



**Anne Lise Grøm**

**Alder:** 66 år

**Stilling:** Kantor

**Stillingsprosent:** 80

Sluttar 1. januar 2020.

**Arbeidsoppgåver:** Musikalsk ansvar i Hjelme og Blomvåg sokn. Speling ved gudstenester, bryllaup og gravferder, andre arrangement i kyrkja og på institusjonsandaktar. Arbeid med kor og konsertar.

**Team:** Hjelme og Blomvåg



**Irina Tarasova**

**Alder:** 35 år

**Stilling:** Kantor

**Stillingsprosent:** 80

**Arbeidsoppgåver:**

Musikalisk ansvar i Sund sokn. Speling ved gudstenester, bryllaup og gravferder, andre arrangement i kyrkja og på institusjonsandaktar. Arbeid med kor og konsertar. Ansvar for HMT i seksjonen

**Team:** Sund



**John Solsvik**

**Alder:** 68 år

**Stilling:** Organist

**Stillingsprosent:** 40

Vikar

**Arbeidsoppgåver:** Spele ved gudstenester, bryllaup og gravferder og på andre arrangement i kyrkja.

**Team:** Hjelme og Blomvåg



**Seksjonsleiar:**  
**Astrid Fylling**

**Alder:** 61 år

**Stillingsprosent:** 100

**Team:** Leiar for Sund sokneteam



**Bjørg Hindenes Blom**

**Alder:** 64 år

**Stilling:**

Diakonimedarbeidar

**Stillingsprosent:** 50

Sluttar 31. desember 2019

**Arbeidsoppgåver:** Formiddagstreff, førebyggande og oppsøkande arbeid overfor menneske som treng hjelp, omsorg og støtte, med særleg fokus på barn og unge.

**Team:** Hjelme og Blomvåg



**Ellen Ebbesvik**

**Alder:** 64 år

**Stilling:**

Diakonimedarbeidar/  
kyrkjetnar

**Stillingsprosent:** 100

**Arbeidsoppgåver:** Eldretreff, førebyggande og oppsøkande arbeid overfor menneske som treng hjelp, omsorg og støtte. Klar gjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.

**Team:** Hjelme og Blomvåg



**Hildegunn Børnes  
Myklebust**

**Alder:** 50 år

**Stilling:**

Diakonimedarbeidar

**Stillingsprosent:** 80

**Arbeidsoppgåver:** Førebyggande og oppsøkande arbeid overfor menneske som treng hjelp, omsorg og støtte, med særleg fokus på barn og unge.

**Team:** Sund

# Sokneprestar og prostiprestar:

Sokneprestar og prostiprestar vert leia av prosten i Vesthordland prosti.



**Espen Tveten**

Alder: 45 år

Sokn: Øygarden



**Bjarte Nese**

Alder: 41 år

Sokn: Landro



**Maria Tveten**

Alder: 41 år

Sokn: Foldnes



**Kristin Hjertaker**

Alder: 51 år

Sokn: Fjell

(Vikar tom. 30.11.19)



**Kjell-Asle Børnes**

Alder: 53 år

Sokn: Sund



**Knut Kaldestad**

Alder: 64 år

Stilling: Prostiprest



**Michal Møgster**

Alder: 60 år

Stilling: Prostiprest

## Basecamp:

Basecamp er ei eiga forening som er eigd av kommunen, Sartor Storsenter og kyrkja.

Medarbeidarane er tilsett i nye Øygarden kyrkjeloge fellesråd.

### Primæroppgåve:

Foreningen Basecamp ungdomsdiakonitiltak er eit rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak for ungdom mellom 13 og 25 år på Sartor Storsenter i Fjell kommune. Målgruppa er ungdom som oppheld seg mykje på Sartor Storsenter og ikkje deltek i organisert ungdomsarbeid. Visjonen vår er å hjelpe ungdomar til å nå draumen om eit godt liv.



**Seksjonsleiar:**  
**Jon Andreas Tjentland**

Alder: 31 år

Stillingsprosent: 100



**Renate Olsen**

Alder: 42 år

Stilling: Miljøarbeidar

Stillingsprosent: 45

Arbeidsoppgåver:

Miljøarbeid, samtalar, rettleiing, oppsøkjande arbeid og oppfølging av ungdomar.



**Eli Skjerping**

Alder: 54 år

Stilling: Medvandrar

Basecamp

Stillingsprosent: 67,5

Arbeidsoppgåver: Miljøarbeid, samtalar, rettleiing, oppsøkjande arbeid og oppfølging av ungdomar.



**Raymond Riise**

Alder: 55 år

Stilling: Mekanikar og motivator

Stillingsprosent: 100

Arbeidsoppgåver: Lærar i sykkelreparatørfaget, dagleg drift av sykkelverkstaden og oppfølging av ungdomar.



**Ida Pettersen**

Alder: 26 år

Stilling: Rettleiar og redesignar

Stillingsprosent: 80

Arbeidsoppgåver: Lærar i redesign, dagleg drift av redesignavdelinga, ansvar for Basecamp RePro sitt samtaleprogram og oppfølging av ungdomane på Basecamp RePro.



**Alexander Espeland**

Alder: 29 år

Stilling: Miljøarbeider

Stillingsprosent: 75

Arbeidsoppgåver:

Miljøarbeid, samtalar, rettleiing, oppsøkjande arbeid og oppfølging av ungdomar.

# Diakoni v mit

Vi ynskjer Astrid Fylling velkommen som leiar for diakonitenesta i nye Øygarden kyrkjelege Fellesråd. Ho tek over etter at Torbjørn Fjøren gjekk av med pensjon i sommar.

**Tekst:** Olav Martin Vik

**Foto:** Yngvild Mørner Sørheim

## *Kven er Astrid Fylling?*

Eg er ei 61 år gammal kvinne, gift, 3 born og 4 barneborn. Eg har bak meg eit liv med mange omskiftingar, særsla ulike utfordringar, og erfaringar som pregar meg og min måte å tenkje på. Eg har hatt veldig ulike jobbar som har utfordra meg og gjeve meg nye visjonar og innsikt. Eg trur på menneske og vil at det skal være mogleg for alle å få være del av eit fellesskap viss dei vil.

## *Kva er ditt forhold til kommunane Fjell, Sund og Øygarden?*

Eg har budd i Fjell i 14 år før vi kom attende i 2018. Eg trivst på Kolltveit saman med Harald. Vi bur i hans barndomsheim. Då vi budde her frå 1997 – 2011, jobba eg i Bergen og var ikkje så involvert i ting lokalt, med unntak av kyrkjelydsarbeid og gudstenestedeltaking. Fjell er ein god kommune å bu i. Eg ser også fram til at vi alle skal bu i Øygarden, det er eit av dei vakraste kommunenamna eg kan tenkje meg.

## *Kvífor vart du diakon? Var det eit kall?*

Eg vart utdanna sjukepleiar på Diakonissehuset Lovisenberg i Oslo. Eg

hadde vore opptatt av Diakonissehuset i mange år etter at vi hadde hatt besøk heim av nokre diakonisser. Etter sjukepleiarutdanninga, tok eg diakonutdanninga på diakonihøgskulen. Etter kvart vart identiteten som diakon sterkare og sterkare og vart til kallet i mitt liv.

## *Du har vore misjonær. Korleis pregar det deg?*

Å vere misjonær er annleis enn mykje anna. Eg lærte mykje dei åra vi var i Mali. Både respekt for andre si tru og måte å tru på, å vere audmjuk i møte med menneske sine liv. Eg måtte kommunisera med menneske med ein annan kultur enn min og såg etter kvart min eigen kultur litt frå utsida. Mykje av våre prioriteringar, det vi legg vekt på, både i trua og livet, er prega av vår kultur. Åra i Mali lærte meg å ikkje vere bastant i møte med andre menneske og deira erfaring, historie og liv.

## *Kvífor vil du leie diakoniteneste i det nye fellesrådsområdet?*

Diakonitenesta er særsla viktig for kyrkja, både no og i framtida. Eg har etter mange år i ulike roller, reflektert mykje rundt korleis kyrkja kan kommunisere med menneske og skapa møteplassar der alle kan bidra



# art kallet i t liv



Foto: privat

og kjenne seg heime. Eg likar visjonar og heilskapstenking og vil gjerne dele desse med andre.

## Kva er diakoni?

Diakoni er evangeliet i praksis. Det er kyrkja si omsorgsteneste og har i 2000 år møtt menneske med ulike behov, vert ei bru mellom menneske og kyrkja. Diakonien er også opptatt av å møte dei behova som ikkje blir møtt av andre instansar. Kyrkja sin diakoni kan møte menneske på ein annan måte enn offentlege hjelpeinstansar. For nokon er begge deler viktig.

## Kva vil du først fokusere på når du tek til i stillinga?

Eg vil bli kjend i kommunen, i kyrkja og kyrkjelydane. Eg kan ikkje setja i gang nye tiltak før eg veit kva som rører seg

## ASTRID FYLLING

- Alder: 61 år
- Gift med Harald Fylling, har tre barn og 4 barnebarn
- Vaks opp på 3 ulike stadar i Nord-Norge, Ramsund, Bø i Vesterålen og Rognan.
- Utddanning: Sjukepleiar med psykiatri som spesialutdanning. Er og utdanna diakon.
- Arbeid: Leiar diakoni/ soknediacon
- Tek til i stillinga 7. oktober

og kva ressursar som finst. Det skjer mykje godt diakonalt arbeid vest om brua og kyrkjelydane er aktive. Dei som kjenner meg, veit at eg er særstilt opptatt av samhandling mellom medarbeidarar av alle slag. Dette vil være noko som vil prege alt eg gjer.

## Kyrkja har ei viktig samfunnsrolle. Kva plass bør diakoni ha i eit lokalsamfunn?

Kyrkja sin diakoni har ei dobbel samfunnsrolle. På eine sida å samarbeide med alle gode krefter for å gjøre lokalsamfunnet betre å bu i for alle som bur der. På andre sida skal diakonien vere ei røyst som talar deira sak som ikkje vert høyrd av samfunnet og som kan påpeke manglar og foreslå løysingar.



Gospel Teens og barnekoret Lyskastaren deltok på Øygardssong 20.-22. september.

# Øygardssong 2019 – det er berre å takke

Frå oss publikum er det berre å takke alle som gjorde Øygardssong til eit flott og innhaldsrikt kristent arrangement. Det er flott å sjå lokale dyktige krefter samarbeide om eit arrangement som samla mange menneske.

**Tekst og foto: Olav Martin Vik**

Dei var nok spente, dei som tok ideen vidare frå tanke til realitet. Etter det ØyNytt kjenner til var det Geir Jensen og Thorleif Hellesøy, som lanserte tanken om eit større lokalt arrangement der kristen song og musikk stod i fokus. Begge har opplevd Skjærgårdssang som er årleg i Langesund.

For arrangørane og aktørane vart det nok ei travel helg. For publikum vart det ei stor oppleveling. Tonen vart slått an fredagskvelden med «syng med oss», lørdagen med to konserter og søndag vart arrangementet avslutta

med gudsteneste som samla over 400 menneske. Det var omrent fullt hus frå start til slutt. Det må også seiast at anlegget Hjeltefjorden Arena fullt ut kom til sin rett ved eit slikt arrangement. Det var god plass til mingling, stands og bevertning og ikkje minst ein flott rigga forsamlingssal.

Det var forsamlinga INRI, Sion Øygarden, Vik bedehus og Den norske kyrkja i Øygarden som stod bak arrangementet. Når eit så stort arrangement skal gjennomførast er det viktig med godt

samarbeid og at lokale krefter tek taket i lag. Alle som er med i frivillig arbeid veit at det er mykje arbeid som ligg bak eit kvart tiltak, også dette arrangementet.

Det var breidde på programmet og ordet om Jesus vart sterkt løfta fram, både i song og tale. Bandet med i all hovudsak lokale musikarar gjorde ein fantastisk jobb, heile helga.

Enno ein gong, takk til alle som hadde ei eller anna rolle i høve gjennomføringa!



Mange frivillige stilte opp, her fra kafeen/kiosken.



Thorleif Hellesøy er spent på frammøte. Erling Vik (t.v.) førebur seg til å leie samlingane.

## Nye festeavgifter og nye vedtekter for gravplassane i nye Øygarden kommune

Som følge av kommunesamanslåinga vil det med verknad frå 01.01.2020 kome nye festeavgifter. Festeavgifter vert fastsett av kommunestyret saman med andre avgifter i kommunen. Det vert like avgifter for alle gravplassane i heile den nye kommunen. Dette kan medføre endra avgifter i høve til i dag. Festeavgiftene vert kunngjort på våre nettsider og i kyrkjeblada.

Frå 01.01.2020 vert det innført nye vedtekter for gravplassane i heile den nye kommunen. Vedtektena vert kunngjort på våre nettsider og i kommande kyrkjeblad. Vedtektena regulerer alt som skjer på gravplassane også godkjenning av oppsetting av gravminne.

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

## Ny gravplass på Landro

Det er anlagt ny gravplass på Landro. Gravplassen vart vigsla til bruk søndag 29. september.

**Tekst og foto: Olav Martin Vik**

Det er Fjell kommune som har fullfinansiert anlegget. Anleggsarbeidet tok til i desember 2018. Det vart etter kvart trøngt om plassen på den gamle gravplassen og det var omrent ingen ledige graver att.

Den nye gravplassen er som eit parkanlegg og løfter heile det visuelle i Landrodalen. Det er anlagt 514 kistegraver, 162 urnegraver, 41 muslimske graver og det er namna minnelund. Gravplassen kostar ca. 30 mill. inkl. mva. Det er Sartor Maskin som har vore totalentreprenør.





# Kulturkyrkja i Hjelmevågen i ny drakt

Tekst: Gerhard Vik

Foto: Ottar Vik

Tek du av frå hovudvegen ved Sæle - nord i Øygarden, og føl vegen til endes ved Hjelmevågen, vil du møta ein kyrkjebygning og ein gravplass som minner deg om at du er på heilag grunn.

## Gravplassen

Og tek du deg ein rusletur innafor steinmurane mellom gravene, kjem ei lang historie mot deg og fortel om ei tid med pågangsmot og offervilje og omtanke for nabo og nærmiljø som ikkje er meir. Døden spør ikkje etter alder. Fleire ungdomar i 20-åra ligg side om side med eldre kvinner og menn. Alle møtte dei ei grense. Det var jenta som mista kjærasten sin i sjukdom og ikkje fekk oppleva det ekteskapet ho hadde gledd seg til, og det var familiefaren som sat att med stor familie i tronge kår. For mange vart livet annleis enn det som var tenkt.

Dei fleste kom til kyrkja i båt. Kyrkjetomta innerst i Hjelmevågen hadde skinn jord og det måtte difor skaffast meir jord for å gjera gravplassen brukande slik lova krev. I 1879 vart det kunngjort at kvar mann i soknet skulle skaffa ein færingsbåt med jord frå utmark og holmar, eller dei måtte betala to kroner til kyrkjekassa. Men dette var ikkje nok. Kyrkjegarden fekk påfylling att 1924 og 1926. Kvart bruk måtte då skaffa to færingsbåtar jord eller 40 kiper. Seinare vart det sett krav om at alle som hadde stifta familie måtte føra ein båt mold med minst 20 kiper. Slik vart gravplassen til.

Gravplassen måtte også gjerast inne. Det skjedde på dugnad med tilførsel av Stein frå oppsitjarane frå store deler av området.

Den gamle gravplassen var i bruk fram til 1949 då den nye gravplassen ved Stakkmyra sør for Bakken skule kom i bruk.

## Kyrkja i generasjoner

Ei steintrapp på nordsida av kyrkja fører oss inn i den gamle bygningen som no har fått tilbake sitt tilnærma gamle preg frå 1875 og er i dag ein del av vår kulturhistorie. Egil Sæle møter oss i kyrkjeskipet og fortel om kyrkja si historie. Han er både døypt og konfirmert i denne kyrkja.





Ein rusletur inne i kyrkja fortel om ei svunnen tid som aldri kjem tilbake. Mange fekk forma grunnlaget for si kristne tru og tanke mellom desse slitne golvbora og kyrkjebenkane som enno bær tydeleg preg av bruken gjennom fleire generasjonar. Den gamle altertavla, døypefonten og prekestolen står der som eit symbol for gode opplevingar for mange. Det var her i kyrkjerommet folk møttes både i glede og sorg: til dåp, konfirmasjon, brudlaup og gravferd. Kyrkja har fungert som ein felles heim for bygdefolket i nordre Øygarden.

Rundtømmeret til kyrkja kom fraktande fra Sogn med sju råseglskuter. På byggeplassen vart stokkane hogde flat og fora med kvitmose for å tetta mellom stokkane etter kvart som kyrkja vaks. Heile lokalsamfunnet var med, og slik vart kyrkja reist med stor dugnadsinnsats og stor kapital frå folket. Slik vart kyrkja vevd inn som ein del av folket.

Kyrkja vart vigsla 4. august 1875 av prost Hveding med 323 frammøtte av dei 700 som sokna til kyrkja på desse øyane. I talen la presten inn på folket kor viktig det er å høyra Guds ord.

Dei første åra var det halde 4 gudstenester for året i denne nye kyrkja i ytre Bø, som kyrkja då heitte, og var ein utkant av Manger prestegjeld.

I vinterhalvåret kunne presten få problem med å koma seg over fjorden frå Manger. Folk frå Hjelmesokna måtte framleis reisa over Hjeltefjorden til gudstenester og konfirmantførebuing. Dei fleste speborna vart døypet heime i vinterhalvåret og måtte venta med å få dåpene stadfesta i kyrkja til våren. Først ved overføring til Herdla prestegjeld 1916 auka gudstenestetalet til 15 i året.

Den gamle kyrkja kom også tidleg i bruk til misjonsmøter med fest og basar til ytre- og indremisjonen. I alle åra har det vore eit nært samarbeid mellom prestane, kyrkja og lekfolk på bedehusa i dette distriktet, og har på ein måte vore to sider av same sak.

## På kyrkjebakken

Samling på kyrkjebakken etter gudstenesta var ein treffstad som kunne ta fleire timer og som folk såg fram til. Presten skulle



# Dette skjer

halda gravtale og jordfesting for dei som var gravlagde sidan han siste var over fjorden, og så var det ymse kunngjeringar som skulle berast fram. Folk fekk eit sosialt samvær i møte med kvarandre som eit frisk pust frå den travle kvardagen. Og ungdomen møtte blikk seg imellom som kunne festa seg for ettertida.

## Ny møteplass

Hjelme gamle kyrkje står no ferdigrestaurert til ein kostnad på om lag 11 mill. kroner og er blitt ein del av vår kulturhistorie. Arbeidet har gått over to år. Kyrkja har fått nytt tårn, nye vindauge i gamal stil og ny kleddning. Riksantikvaren har vore sterkt inne i arbeidet. Øygarden kommune har vore den største bidragsytaren.

**Sundag den 27. oktober skal det  
haldast opningsgudsteneste med kyrkjekaffi.  
Då vil Egil Sæle fortelja meir om kyrkja si historie.**



## LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

5. oktober:	Leirdag 1. klasse
6. oktober:	Leirdag 2. klasse
1.-3. november:	Leir 3. klasse
6.-8. desember:	Adventsleir 4. klasse

## REFUEL

4. oktober
18. oktober
1. november
15. november
29. november
13. desember

**Stad:** Rong senter

**Tid:** 19.30–22.30

## GOSPEL TEENS

10. oktober
22. oktober
5. november
19. november
3. desember

**Stad:** Blomvåg kyrkje

**Tid:** 18.00–20.00

## KRIK

11. oktober
25. oktober
8. november
22. november
6. desember
13. desember

**Stad:** Hjeltefjorden arena

**Tid:** 19.30–21.30

## BABYSONG

14. oktober
28. oktober
11. november
25. november
9. desember

**Stad:** Blomvåg kyrkje

**Tid:** kl. 11

## SMÅBARNSONG

15. oktober - utgår
29. oktober
12. november
26. november
<b>Stad:</b> Blomvåg kyrkje

**Tid:** kl. 17.30–18.30

## INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga.  
E-post: post.oygarden@kyrkja.no

## Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.  
Ta kontakt om du vil delta frivillig.

# SparebankenVest

– satsar på Vestlandet



**SPAR**

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten

Velsmakende varmmat

Fristende frukt og grønt

Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 8-22, laurdag 9-20

Bank i butikk SPAR Rong tlf. 56 38 71 40



ADVOKATGRUPPEN BERGEN

- Arv/gaver
- Familierett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektepakter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett



Advokatfullmektig  
Bernhard Hauge

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.

Hjemmebesøk om ønskelig.

E-post: bernhard.hauge@agbergen.no

Tlf: 920 41 950 www.agbergen.no

Sandviksboder 1H, 5035 Bergen



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiaftale
- Gass



BLOM

SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted



Sotra Omegn  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )



## Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,

eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldtallerken

Rong Catering a/s

Tlf. 9185 6258

## Din lokale elektriker!

**VESTGAR ELEKTRO**

Møllestykket 21, 5360 Koltveit

T: 400 30 210

[postvestgarelektr.no](http://postvestgarelektr.no) - [www.vestgarelektr.no](http://www.vestgarelektr.no)

## Vi formidlar blomster til innland og utland



INTERFLORA

**Blomsterbua**

Rong sentrum

Telefon : 56 38 92 65

Postboks 107, 5331 Rong

**Torsvik**  
ELEKTRO

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alaramlegg  
Antenne/parabolantlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

## GRAVMINNER

**Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

# Kjøp kjapt, trygt og billig

# KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand-fred kl.07.00–23:00  
Lørdagar 08:00–21:00



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

# Solstrands Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE  
GRAVFERD



**TORSVIK MUR**  
Alt i mur, puss og flisearbeid  
Rehabilitering/fornyning av  
gamle skorsteiner/piper

Dalekletten 44  
5337 Rong

Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com



**NORGESHUS NORGESHUS**  
TH Bhas Bygg Øygarden  
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålneset 2, 5337 Rong  
e-post: [ta@norgeshus.no](mailto:ta@norgeshus.no)  
[www.norgeshus.no](http://www.norgeshus.no)

# Montér®

Øygarden Byggsenter AS

Pålneset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: [post@oybygg.no](mailto:post@oybygg.no)  
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,  
lør 09.00-14.00



**øygarden**  
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790

E-mail:  
[post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

**Vest Modul AS**

5336 Tjeldstø



Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleie av brakker

Trelastlager Tjeldstø



*Bergen & Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske ellers tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
 Teatergt. 20  
 5010 Bergen  
 Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
 2. etg på Shellstasjonen  
 Sartor, 5353 Straume  
 Tlf: 55 21 44 50

# vipps

Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippesnummer

**Hjelme kyrkje: #75628**

**Blomvåg kyrkje: #75632**

**Leiophald på Skjergardsheimen: #75635**

Vippsnummra som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiophald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

**Konsert i Hjelme kyrkje søndag 13. okt. kl. 17.00**

**Broken HALOS**

Anita Heggholmen - song  
 Audun Sekkingstad - Trommer  
 Per Halvorsen - bass og song  
 Idar Ørjansen - akk.gitar og song  
 Kjetil Lynglund - piano og munnbspill  
 Egil Skjelnes - Steelgitar

Temakveld  
 Å møte hverandre i sorgen

Foldnes | 30.10.19  
 kyrkje kl. 19.00      Erdal | 31.10.19  
 kyrkje kl. 19.00

Foredrag ved Rune Stray instituttprøst,  
 Institutt for sjelesorg, Modum Bad.  
 Musikkinnslag ved Marius Vedvik på  
 fiolin og Marit Birkedal Aas på piano.

Enkel bevertning  
 Alle er hjertelige velkomne

**Felles-gudsteneste**  
 SOTRA ARENA  
**Søndag 5. januar 2020 kl. 11.00**

**Julefest**  
 HJELME KYRKJE  
**Søndag 29. desember kl. 16.00**

**Eldretreff**

**Hjelme kyrkje kl. 17.00:**  
 Onsdag 16. oktober  
 Onsdag 20. november

**Tednebakkane omsorgsenter kl. 16.30:**  
 Torsdag 24. oktober  
 Torsdag 21. november

**Felles juleavslutning på Tednebakkane:**  
 Onsdag 4. desember kl. 16.00

# Gudstenester /

## Service

Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

### 6. okt – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.  
Søndagsskule.

### 13. okt – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Knut Kaldestad.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.  
Søndagsskule

### 20. okt – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten. Tale ved representant fra Israelsmisjonen. Offer til Israelsmisjonen. Nattverd. Søndagsskule

### 27. okt – Gamle Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten.  
Gjenopning av gamlekyrkja etter restaurering. Det vert song av Øygardskoret, helsingar blant anna ved ordføraren. Det vert kyrkjekaffi med helsingar, og historiske tilbakeblikk ved Egil Sæle

### 3. nov – Blomvåg kyrkje kl. 19.00

Kveldsgudsteneste ved Espen Tveten.  
Allehelgensøndag – vi minner dei døde siste året. Offer til Åpne dører.

### 10. nov – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Offer til NLM-Ung. Nattverd

### 17. nov – Hjelme kyrkje kl. 17.00

Gospelgudsteneste ved Espen Tveten og Gospel Teens. Avslutning for konfirmantleiren. Offer til For livsrett og menneskeverd

### 24. nov – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Song av Lyskastaren. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 1. des – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Vi tenner det første adventslyset. Søndagsskulen deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 8. des – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Knut Kaldestad.  
Offer til For livsrett og menneskeverd.  
Nattverd. Søndagsskule

# Til lukke

## 70 år

- |         |   |
|---------|---|
| 15. okt | Jan Martin Torsvik,<br>Vågevegen 11           |
| 16. okt | Helge Haugsetun,<br>Storevarden 1             |
| 20. okt | Ottar Vik,<br>Ingjervegen 1                   |
| 28. okt | Turid Beate Svendsen Vaage,<br>Knappevegen 45 |
| 6. nov  | Terje Olav Fossem,<br>Dønna 1                 |

## 75 år

- |         |                                   |
|---------|-----------------------------------|
| 14. okt | Reidar Sellevoll,<br>Austemrka 16 |
|---------|-----------------------------------|

## 80 år

- |         |   |
|---------|---|
| 6. nov  | Jakob Norvald Alvheim,<br>Jensvardvegen 12B |
| 20. nov | Petra Gerd Alden,<br>Pålsneset 67           |

## 85 år

- |         |   |
|---------|---|
| 31. okt | Joan Tora Knarvik,<br>Knarrvikvegen 12        |
| 14. nov | Ingvard Ragnar Svellingen,<br>Rossnesvegen 19 |

## 90 år

- |  |                               |
|--|-------------------------------|
|  | Mons Semshaug,<br>Åkletten 19 |
|--|-------------------------------|

# Vigde

## Blomvåg kyrkje

- Elisabeth Grace Hutt og Sondre Bøe Rasmussen (kyrkjekontoret)
- Karoline Rong Sæle og Marius Rong Sæle

## Hjelme kyrkje

- Katrine Dale og Kjetil Nautnes

# Døde

## Blomvåg

- Astrid Pedersen Sæle, Rong f. 1946
- Magnus Torolf Torsvik, Solvang f. 1924

# Døypte

## Blomvåg

- Aria Juliane Steinstø, Knappen
- Tiril Kvamme Kuven (Johannes kirken)
- Guro Blom Sverdrup, Bergen
- Maximilian Sæle Myklebust, Søre Sæle
- Oda Dale Olsen, Rong
- Nikolai Pedersen Torsvik, Rong
- Selma Oen-Hagen, Ovågen
- Aril Torsvik Lygre, Knappen (Eid kyrkje)

## Hjelme

- Selma Sårhaug Magnussen, Rong

# Bibeltimar

## Nautnes bedehus 2019

### Torsdag 17. oktober kl 19.00

Asle Hetlebakke

Emne: Guds gaver

### Torsdag 14. november kl 19.00

Audun Hjellvik

Emne: Guds folk

Etter bibeltimane vert det kveldsmat og samtale.

## Blomvåg Indremisjon

har møte på Vestre bedehus  
i Blomvåg:

30. oktober kl. 19.00  
ved Leiv Nesheim

12. november kl. 19.00  
ved Asle Hetlebakke

# MORGONMESSER

BLOMVÅG KYRKJE

26. november kl. 06.30  
ved Knut Kaldestad


17. desember kl. 06.30  
ved Espen Tveten  
Gospel teens synger,

Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

**Distribusjon i Øygarden:**  
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor  
Øygarden:** Posten Norge

Returadresse:  
ØyNytt  
Postboks 144  
5331 Rong



# Dáp

## Dáp handlar om tradisjon, tilhørsle og tru.

**Tradisjon** – dåpen er ein berande tradisjon, og det har dåpen vore i landet vårt i nærmare 1000 år. Mange opplever dåpsdagen som ei god og meiningsfull feiring og ein viktig dag for dei som står barnet nær.

**Tilhørsle** – dåpen knyter oss til Gud, til frelsa i Jesus Kristus og til fellesskapet.

**Tru** – Barnet blir døypt til den kristne trua. I dåpen blir barnet lagt i Guds hender i tru på Guds kjærleik. Slik er trua ei gåve frå Gud til den døypte.

For informasjon ta kontakt med  
kyrkjekontoret på tlf. 55 09 74 40 eller  
e-post til [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)



### HJELME GAMLE KYRKJE OPNINGSHELG

**Gudsteneste**  
27. oktober kl. 11.00

Øygardskoret  
Anne Lise Grøm  
Prost Øystein Skauge  
Prest Espen Tveten  
Egil Sæle  
Kyrkjekaffi

Skyttelbuss frå Hjelme  
kyrkje frå kl. 10.15

### KONSERTAR I KYRKJENE I DESEMBER

**BLOMVÅG KYRKJE**  
**Torsdag 12. des. kl 20.00:**

Rong brass

**HJELME KYRKJE**  
**Søndag 15. des. kl. 17.00:**  
Vi syng jula inn:  
Øygarden skulekorps, 12Manna,  
Øygardskoret og allsong

**HJELME KYRKJE**  
**Torsdag 19. des. kl. 19.00:**  
Kor i Øygarden og Anita Hegghol-  
men med band

**BLOMVÅG KYRKJE**  
**Søndag 22. des. kl.11.00:**  
Vi syng jula inn  
Lyskastaren, Øygarden skulekorps,  
Øygardskoret, Espen Tveten  
og Anne Lise Grøm